

23. november 2020

Til foreldre og tilsette i barnehagane og skulane

Takk til alle foreldre som har teke ansvar og halde barn og elevar heime når symptoma har tilseie det. Takk også til alle tilsette som i ei krevjande tid legg ned ein stor innsats for at vi kan halde opne barnehagane og skulane våre.

Skal vi klare å halde barnehagane og skulane opne i tida som kjem, er det avgjerande at våre tilsette held seg friske. Vi må difor minne oss sjølve på det grunnleggande smittevernet igjen.

Samstundes med pandemien er det tida for «vanleg» influensa. Stundom er det vanskeleg å vite om det er rett å halde seg heime eller ikkje, men det er avgjerande viktig å halde seg heime når ein skal.

Når skal barn og elevar vere heime frå barnehage/skule?

Barn og elevar som har fått symptom på luftvegsinfeksjon dei siste 24 timane, skal halde seg heime, særleg viss barnet/eleven har fleire symptom samstundes eller ikkje er heilt i form. Viss barnet/eleven berre har rennande nase og elles er i god allmenntilstand, treng barnet/eleven ikkje halde seg heime.

Viss barnet/eleven har lette luftvegssymptom utan feber, kan ein sjå an tilstanden heime i inntil 48 timar. Ved rask betring, kan barnet/eleven gå attende til barnehagen/skulen utan å verte testa. Viss barnet/eleven ikkje er betre etter 48 timar, vert det tilrådd å kontakte fastlege eller legevakt for å vurdere om barnet/eleven treng legetilsyn og/eller treng å bli testa for covid-19.

Når kan barn og elevar kome attende til barnehagen/skulen?

Allmenntilstanden avgjer når barn og elevar kan kome attende til barnehagen/skulen etter ein luftvegsinfeksjon. Dette gjeld sjølv om barnet/eleven har restsymptom som rennande nase (uansett farge og tjukkeleik på snørret) eller noko hoste. Slike symptom er vanlege i tida etter ein luftvegsinfeksjon.

Viss barnet/eleven er testa, skal svaret på prøva ligge føre før det kan kome attende til barnehagen/skulen. Alle som får påvist covid-19 skal i isolasjon, og følgjast opp av helsetenesta.

Barnet/eleven kan kome attende til barnehagen/skulen sjølv om andre i familien har luftvegssymptom. Viss andre i familien har fått påvist covid-19, skal barnet/eleven i karantene og følgjast opp av helsetenesta.

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst

Bodil Brautaset
avd.leiar barnehage

Lene Nupen
avd.leiar skule

Vedlegg:

Flytskjema - når skal sjuke barn haldast heime frå barnehage og barneskule?

Flytskjema – når skal ungdom og vaksne vere heime frå skule/arbeid og bli testa for covid-19?

Når skal sjuke barn haldast heime frå barnehage og barneskule?



1. Har barnet ditt fått feber, hoste, sår hals eller tett nase dei siste 24 timane?



Barnet ditt skal haldast heime.

Om barnet blir dårlegare eller du blir uroa, kan du kontakte fastlege eller legevakt.

2. Er barnet ditt framleis sjukt etter 48 timar?



JA

Ring fastlegen eller legevakta om barnet ditt ikkje har blitt betre.

Legen vil bestemme om barnet ditt skal testast.



NEI

Barnet kan gå på skule eller i barnehage når det ikkje har feber og verkar friskt.

Barnet treng ikkje bli testa for covid-19. Barnet kan gå på skule eller i barnehage sjølv om det framleis har litt snørr eller er hås/hostar noko.

3. Seier legen at barnet ditt skal testast for covid-19?



JA

Barnet skal haldast heime til du har fått svar på testen.



NEI

Barnet kan gå på skule eller i barnehage når det ikkje har feber og verkar friskt.

Barnet kan gå på skule eller i barnehage sjølv om det framleis har litt snørr eller er hås/hostar noko.

4. Viser svaret på testen at barnet ditt har covid-19?



JA

Barnet skal haldast heime. Kommunen vil gje deg melding om kva reglar de som familie må følgje medan barnet er sjukt.



NEI

Barnet kan gå på skule eller i barnehage når det ikkje har feber og verkar friskt.


Barnet kan gå på skule eller i barnehage sjølv om det framleis har litt snørr eller er hås/hostar noko.

Kontakt fastlege eller legevakt om barnet er forkjølt og:

- Barnet ikkje orkar vanleg leik og aktivitet.
- Barnet har feber, vondt i kroppen, dårleg matlyst, er slapp, kvalm eller svimmel.
- Barnet har anstrengt pust og/eller pustar fortare enn vanleg når det er i ro.

Hugs at små barn ikkje kan fortelje korleis dei har det, men dei kan vere sutrete, klengete eller irritable.

Når skal ungdom og voksne være heime frå skule/arbeid og bli testa for covid-19?



1. Føler du deg sjuk, eller trur du det kan vere ein infeksjon på gang?



Hald deg heime.
Kontakt lege ved behov for hjelp.



2. Har du fått feber, hoste eller sår hals, blitt tungpusta eller mista smaks- eller luktesansen, eller har du mistanke om at du har fått covid-19?



JA


Kontakt teststasjon for å avtale testing.
Bli heime til prøvesvaret er klart.



NEI

Du kan gå på skule/arbeid når du er symptomfri.

3. Viste testen at du har covid-19?



JA

Du skal vere isolert.
Kommunen følgjer opp deg og nærkontaktane dine.



NEI

Du kan gå på skule/arbeid når du er feberfri og i fin form.
Lett hoste eller liknande som heng i, er ok!